



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Sissel Storebø, 5557 2317

Vår dato  
31.08.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2015/10761  
Dykkar referanse

Brakedal Settefisk AS  
Brakedal  
5420 Rubbestadneset

### Rapport frå inspeksjon ved Brakedal Settefisk AS 25. august 2015

Rapportnummer: 2015.005.I.FMHO

#### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå Brakedal Settefisk AS:  
Sigmund Brakedal  
Kjell Tore Brakedal  
Einar Brakedal

Frå Fylkesmannen i Hordaland:  
Tom N. Pedersen  
Sissel Storebø

#### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 2 avvik og har gitt 2 merknader under inspeksjonen innan følgjande tema:

- internkontroll for ytre miljø
- farleg avfall

Avvika og merknadene er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

Brakedal Settefisk AS må sende ei skriftleg stadfesting innan 1. januar 2016 på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Tom N. Pedersen  
Seniorrådgjevar

Sissel Storebø  
senioringeniør

*Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til: Bømlo kommune

## 1. Informasjon om verksemda

<b>Namn:</b> Brakedal Settefisk AS	<b>Risikoklasse:</b> 3
<b>Besøksadresse:</b> Brakedal	
<b>Postadresse:</b> 5420 Rubbestadneset	
<b>E-post:</b> settefisk@brakedal.no	<b>Telefon:</b> 5342 7535
<b>Kommune:</b> Bømlo	<b>Organisasjonsnr.:</b> 972 236 950
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 03.222 - Produksjon av yngel og settefisk i ferskvannsbasert akvakultur	<b>Eigar (org.nr.):</b> 958 716 796
<b>Løyve sist oppdatert:</b> 9. desember 2011	<b>Siste tilsyn:</b>

## 2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne. Inspeksjonen går inn som ein del av ein lokal aksjon på akvakulturanlegga i Hordaland.

Fylgjande hovudtema vart kontrollert:

- miljømål
- miljørisikovurderingar
- resipientgranskingar
- drift og førebyggjande vedlikehald av anlegget
- avvikshandtering
- krav i utseppsløyve datert 9. desember 2011

## 3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan 1. januar 2016 sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med billedokumentasjon.

### Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan 1. januar 2016, vil Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

I vedtaket om tvangsmulkt blir det sett ein ny frist for å sende inn dokumentasjon. Dersom denne fristen ikkje blir heldt, må verksemda betale tvangsmulkta. Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

## 4. Kontrollgebyr

Brakedal Settefisk AS skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6 og e-post av 29. juni 2015. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Dette betyr at de skal betale 12 200 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

## 5. Offentleggjing

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på [www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland), jf. offentleglova.

## 6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- produktkontrollova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- løyvet av 9. desember 2011

Informasjon om regelverket finn de på [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).

### Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevningen (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

## 7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

### Avvik 1: Verksemda har mangelfull internkontroll for ytre miljø

**Avvik frå:** Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd punkt 4 og 7

### Kommentarar til regelverket

Den som er ansvarleg for verksemda skal sørge for at det blir innført og utøvd internkontroll i samarbeid med arbeidstakarane og deira representantar. Dette inneber systematiske tiltak for å sikre at regelverket, blant anna på forureiningsområdet blir følgt. Rutinane skal vere skriftlege.

#### Miljømål, § 5 punkt 4

Verksemda skal setje miljømål som sikrar at drifta ikkje medfører unødige forureining av det ytre miljø. Måla skal gjelde for anlegget, og dei skal vere konkrete og dokumenterte slik at ein veit om måla er nådde eller ikkje.

#### Rutine for substitusjon, § 5 punkt 7

Alle verksemdar som bruker produkt som kan medføre skade for helse og miljø, skal vurdere om det er mogleg å erstatte dette med produkt som er mindre skadelege, jf. produktkontrollova § 3a.

#### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

Det er ikkje sett miljømål for anlegget for kva som er akseptabel forureining og påverknad av resipienten ved drift av anlegget. Tema for miljømål kan vere førfaktor, reinsegrad, avfallsmengde, energibruk, kjemikaliemengde, vedlikehald-/utskiftingsfrekvens for utstyr.

Verksemda har ikkje ein skriftleg rutine for substitusjon og kunne ikkje dokumentere at de har vurdert substitusjon av helse- og miljøskadelege kjemikal.

#### **Avvik 2: Farlig avfall vert ikkje deklarerert ved vidarelevering**

**Avvik frå:** Avfallsforskrifta kapittel 11, § 11-12 om deklarasjonsplikt

#### **Kommentarar til regelverket**

Det farlige avfallet skal deklarerast ved levering til godkjent mottak. Verksemdar som leverer farleg avfall skal gje tilstrekkelege opplysningar om opphav, innhald og eigenskapar, slik at den vidare handteringa av avfallet kan skje på ein forsvarleg måte. Når avfallet vert levert, skal verksemda fylle ut deklarasjonsskjema som er godkjent av Miljødirektoratet. Emballasjen skal merkast tydeleg med deklarasjonsskjema sitt nummer.

#### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

Verksemda kunne ikkje dokumentere å ha levert farleg avfall til godkjent mottak i form av deklarasjonsskjema.

## **8. Merknader**

Vi har gitt følgjande merknader under inspeksjonen:

#### **Merknad 1:**

Krav om varsling til Fylkesmannen ved akutte utslepp manglar i beredskapsplanen.

#### **Kommentarar:**

I utsleppsløyve av 9. desember 2011 punkt 11.6, er det vist til at dersom det oppstår akutte utslepp, skal Fylkesmannen varslast så snart som mogeleg. Denne plikta var ikkje dokumentert i beredskapsplanen datert 12. mai 2015 til verksemda.

#### **Merknad 2:**

Skriftleg prosedyre for avfall og farleg avfall har manglar.

**Kommentarar:**

Verksemda sin prosedyre for avfallshandtering er frå 18. mai 2015. Prosedyre for avfall og farleg avfall inneheld ikkje tema om deklarasjon og levering av farleg avfall.

**9. Andre forhold**

Brakedal settefisk AS starta opp i 1996. Settefiskanlegget produserer i dag om lag 1 mill. settefisk (laks) og leverer desse til Fylkesnes Fisk. Verksemda har løyve til å produsere 2,5 mill. sjøklar settefisk og har fått dispensasjon frå Fiskeridirektoratet til å auke individvekta til 1000 gram i 15 år for inntil 250 000 settefisk. For å kunne auke produksjonen etablerer verksemda i dag nytt resirkuleringsanlegg for vatnet. Anlegget er venta ferdig i løpet av året.

**Resipientgranskingar ved Brakedal**

Verksemda har fått utført 3 resipientgranskingar ved settefiskanlegget i Brakedal i 2001, 2008 og 2012. Dei to siste granskingane har vore gjort etter MOM C standarden med botndyranalysar på tre prøvestasjonar. Desse har synt at det er svært gode tilhøve i resipienten med høge diversitetsindeksar, også ved utsleppspunktet. Granskinga i 2012 ga tilstandsklasse II ved utsleppspunktet, klassifisert etter Miljødirektoratet sin rettleiar nr 2 – 2013 (klassifisering etter vassdirektivet) og tilstandsklasse I ute i resipienten.

Brakedal Settefisk AS fekk løyve til å utvide produksjonen i 2011 med krav om partikkelreinsing. Utsleppa til resipienten og påverknad på resipient er difor ikkje venta å auke.

**Krav om resipientgransking i løyvet**

Utsleppsløyvet vart gitt i 2011 med krav om resipientgransking innan november 2016. Det er ikkje sett krav om frekvensbasert resipientgranskingar. Brakedal Settefisk AS fekk utført resipientgransking i 2012 og med ferdigstilt rapport i 2013.

Sidan det vart gjort ei resipientgransking i 2012, meiner Fylkesmannen at det ikkje naudsynt å gjere ei nye resipientgransking innan 2016. Når resipientgranskingane fleire gonger har synt at det står bra til i resipienten, meiner vi at framtidige miljøgranskingar kan avgrensast til enklare miljøgranskingar med sedimentprøvetaking nær utsleppspunktet – kalla «tilpassa MOM B-gransking» ved utsleppspunktet. Ei slik gransking bør gjerast på hausten, og frekvensen vil vere avhengig av miljøtilstand. Enklare miljøgranskingar har langt lågare kostnad, men bør gjerast noko oftare enn dei store resipientgranskingane.

Inntil Fylkesmannen i Hordaland har revidert løyva til settefiskanlegga med vilkår om definisjon av utslepp og krav til utsleppsdokumentasjon, vert Brakedal Settefisk AS anmoda om å kontakte Fylkesmannen før neste miljøgransking for å få nærare informasjon om krava til ei slik gransking.